



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2439 - 22/48966

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2022

## Oversender vedtak om avslag på dispensasjon for utbygging av område B1 til klagevurdering - gbnr 108/161 Lindås

### Saksopplysningar

Eigedom: 108/161, område B1  
Tiltakshavar/eigar: Vestbo BBL saman med Lindås Pensjonistlag  
Ansvarleg søkjar: SE-Arkitektur AS  
Klagar 1: Statsforvaltaren i Vestland  
Klagar 2: Vestland Fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering (KII)

### Saka gjeld

Saka gjeld klager frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering (KII) på deler av politisk vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø (APM), i sak 21/2439 med saknr. 019/22, datert 09.02.2022. Klagene gjeld gjeve dispensasjon frå arealføremålet grønstruktur i kommunedelplan (KDP) for Lindås for utbygging av område B1 - gbnr 108/161 Lindås.

Klagene vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 15.06.2022, der Alver kommune sitt vedtak datert 09.02.2022 vart gjort om og klagene på gjeve dispensasjon frå arealføremålet grønstruktur vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø (APM) i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

#### «APM- 096/22 Vedtak:

Klagene vert teke til følgje og vedtak i sak 21/2439 med saknr. 019/22, datert 09.02.2022, om dispensasjon frå arealføremålet grønstruktur i kommunedelplan (KDP) for Lindås for utbygging av område B1 - gbnr 108/161 Lindås vert gjort om. Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet grønstruktur i kommunedelplan (KDP) for Lindås for utbygging av område B1 - gbnr 108/161 Lindås.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§19-2 og 1-6."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på vedtak om dispensasjon frå arealføremålet grønstruktur i kommunedelplan (KDP) for Lindås for utbygging av område B1 - gbnr 108/161 Lindås  
Politisk befaring sak 175/21 Åtun - presentasjoner  
740 20220107 Politisk Prosjektinformasjon  
740 20220104 Politisk Dispensasjon  
Byggesak GBNR 108/161 Lindås - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan  
Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens føresegn - gbnr 108/161 Lindås  
Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - frådelling - gbnr 108/161 Lindås  
Fråsegn om kulturminne etter synfaring - detaljregulering - gbnr 108/161 Lindås - Åtun  
Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 108/161 Lindås  
Uttale - søknad om dispensasjon - gbnr 108/161 Lindås  
Utsett frist - dispensasjon - gbnr 108/161 Lindås - Alver kommune  
Varsel om synfaring - ber om utsett frist - dispensasjon - gbnr 108/161 Lindås - Alver kommune  
Uttale - Alver - 108/161 Lindås - frådelling - dispensasjon  
Kvittering for nabovarsel som gjeld dispensasjon frå kommuneplan - gbnr 108/161 Lindås  
Kvittering for nabovarsel 20210817-0816  
Tilsvar til klagen som er mottatt - gbnr 108/161 Lindås  
Kommentar til klagar på dispensasjon  
Klage på vedtak - dispensasjon frå kommuneplan - gbnr 108/161 Lindås  
Fåsegn til KPA Lindås.pdf  
Klage - gbnr 108/6 Lindås frådelling - dispensasjon  
Førebels svar på mottatt klage på vedtak - gbnr 108/161 Lindås  
Ber om utsett frist for klage - gbnr 108/161 Lindås  
Politisk befaring sak 17521 Åtun - presentasjoner

### **Kopi til:**

Se-Arkitektur As  
Se-Arkitektur As

Fantoftvegen 42  
Fantoftvegen 42

5072 BERGEN  
5072 BERGEN

**Kopi til:**

Vestbo Bbl

Postboks 1947 Nordnes

5817

BERGEN

**Mottakarar:**Statsforvaltaren I Vestland  
Vestland FylkeskommuneNjøsavegen 2  
Postboks 7900

6863

LEIKANGER

5020

BERGEN